



Sentrale i Festidagen: Kristian Olav Bringedal, Janne Hjørnevåg, Ingrid Handeland og Jarle Bruntveit

Festidalen legg på seg skikkeleg i år og vert eit imponerende tilbod med 9 hovuder for barn og unge. FESTIDAGEN med Kristian Olav Bringedal er ansvarleg for denne bolken, men det er også eit opplegg for vaksne som Bjørn Olav Tveit står bak. - Vi er spente på oppslutnaden, seier Bringedal og hans høgre hand Janne Hjørnevåg som innrømmer at ambisjonsnivået er relativt høgt. Stikkord er dans, kor, grafitti, street art, skriveverkstad, musikk, film, fabeldyr, hip hop og brettspel.

Medan sjølve rockefestivalen går føre seg på Dønhaug har Festidagen basen sin på Sandakaien ved Systrene Nilsen der klimaks vil finna stad på ei spesiell scene laurdag. Også SMÅSTJERNER som har slått an før, blir avvikla der. FESTIDAGEN er ikkje ein genuin uskedalside, eit liknande opplegg er å finna i mange festivalar, til dømes den i Kvam.

Her er eit tverrsnitt og vi gjer merksam på at all innmelding skal skje via nettsida til Festidalen:

- * Festidalkor. Skiping av barnekor leia av Ingrid Handeland i hallen på skulen, øving på festivalsongar torsdag og fredag, Maks 20 deltakarar frå 9 år og oppover.
- * Musikkverkstad, skiping av band med maks 12 musikarar i grendehuset (gamleskulen) i Herøysund, leiar er Jarle Bruntveit og alder 9-13 år-
- * Foto/teikning/kollasje i Helgheimkjellaren, med Jorunn Larsen som leiar, maks 15 deltakarar som tek med kamera. 10 år og oppover.
- * Street art/grafitti på Sandakaien vd Gaute Haugland. Her vert det lov å tagge! Høyballar vert endra til kule kunstverk, grupper

med 5 i kvar, frå 8 år og oppover

* Skriveverkstad på skulen ved Mona Vetrhus og Arne Torget, 4 grupper, 2 for dei yngste med munnlege dikt og 2 for dei eldre med skriftlege dikt.


* Film/musikkvideo på skulen, maks 20 deltakarar, premiere fredag, leiar er Merethe Offerdal Tveit, 11-16 år.

* Fabeldyr laga av ting i naturen, dyra viser veg til Dønhaug, 4 grupper med 5 i kvar, 5 år og oppover, leia av Johanne Teigen og Mari Åbonen. Frammøte på Stemneplassen.

* Hip hop ved Stavangerjentene Agnes Eriksen og Iselin Brandal Berge, 2 grupper med maksimalt 15 deltakarar, 8-11 år og 12-15 år. Dansenummer vert øvd inn for framføring laurdag.

* Brettspel for alle over 18 i Rabbenkjellaren, i regi av klubben og leia av Jarle Haktorsen,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Festidalen

2.-3. AUGUST

DANS, KOR, GRAFITTI,
STREET ART, SKRIVEVERKSTAD,
MUSIKK, FILM, FABELDYR, HIP HOP

FESTIDAGEN

FESTIDAGEN OGSÅ FOR VAKSNE:
SPELEKLUBBEN, FØREDRAG, SEMINAR

